



Informasjon om onsdagstrening og diverse anna info frå ungdomsutvalet

Me er så heldige å ha mange ivrige ungdomsskyttarar i laget vårt - både nybegynnarar og «vidarekomne» som kjem på onsdagstrening.

Målet vårt er at kvar enkelt skal kunne få den hjelpa dei treng for å bli ein betre skyttar. Slik det er no, ser me at me lyt prøva å organisera treninga på ein anna måte, slik at instruktørane som er til stades skal kunne vera til best mogleg hjelp for alle.

Onsdagane blir som vanleg delt inn i to lag - eit kl. 18 og eit kl. 19 (Det er framleis påmelding på MittDFS). **Framover ynskjer me fylgjande:**

Kl. 18

- Laget for nybegynnarar og for dei som skyt med støtte (Klasse NU).
- Her blir det vanlegvis skote eit 25 skotsprogram med kommando frå standplassleiar.

Kl. 19

- Laget for «vidarekomne». Me ynskjer at dei som skyt med reim melder seg på i dette laget.
- Her blir det vanlegvis trening med open skjerm. Då kan instruktørane gå rundt å hjelpa med individuelle tilpassingar og spørsmål. Eit lite tips: Når du lurar på noko, spør om hjelp! ☺ Instruktørane er der for å hjelpa.
- Annakvar onsdag vil me innføra noko me kallar for «**fokustrening**». Instruktørane har laga eit opplegg for treninga. Målet er at ein skal kunne plukke opp nokre tips og triks som ein skal ta med seg vidare i treningsarbeidet sitt. Fyrste fokustrening blir onsdag 23. mars. Fokus på denne treninga blir **skytestilling**.
- På terminlista som blir gjeldande etter påske kjem det til å stå når det er «fokustrening» og kva som er tema på treninga.

Påskeavslutning

- Vanlegvis pleier me å ha juleavslutning på ungdomstreninga. Denne gongen fekk me ikkje det til grunna covid-restriksjonar. Innendørs sesongen går mot hell og me avsluttar med ein sosial kveld med diverse konkurransar og morroskyting, siste treninga før påske (**onsdag 6. april**)

Generelt

- Minner om at kl. 18 og 19 er **skytetid**. Møt i god tid slik at du har tid til å finne utstyr og lade magasin. Særleg for dei som skyt kl. 18: Instruktørar er til stades for å hjelpe til med individuelle tilpassingar før skytinga startar.
- På facebook har me ei gruppe som heiter «Ungdomsskyttarane» Her blir det lagt ut relevant info til skyttarar og foreldre. Om du ikkje er med i gruppa - søk den opp



Ungdoms skyttarane
Privat gruppe 30 medlemmer

- Anbefalar å følgja Hardanger skyttarlag på facebook. Her kan det også bli lagt ut nyttig info.
- Terminlista ligg på skyttarlaget si heimeside: www.mittdfs.no/hardanger. Her finn de oversikt over treningar og når det er stemner. Den kan vera lur å følgje med på.

Etter påske

- Då startar me opp trening utandørs på 100 m. Då har me nokre få veker å trena på før Hardanger og Jondal arrangerer sine tradisjonelle 1. mai stemner.
- I disse dagar har det blitt sendt ut faktura for medlemskontingent til alle medlem. For ungdom er det 100 kr for heile året. Når utesesongen begynner er det og dags for ny treningsavgift - den er på 250 kr og dekkjer skot (cal. 22) til trening og konkurranse. Ein kan og velja å betala 30 kr per trening. (Vipps: 516606, bankkonto: 3530.13.34727, eller fritidskortet. **NB! Merk betalinga med namnet til skyttaren**)

Spørsmål?

Som ny (eller litt erfaren) i skytesporten forstår me at det kan dukka opp ulike spørsmål. Me er og klar over at ikkje alt alltid blir tydeleg formidla og forklart frå oss. Me set pris på om de spør om det er noko de lurar på eller har andre innspel angående onsdagstrening. Ta gjerne kontakt med Andrea (97610503 eller på messenger) eller nokre av dei andre i ungdomsutvalet.

Med vennleg helsing

Ungdomsutvalet i Hardanger skyttarlag

Chris-Andre Fauske, Kjetil Måkestad, Bjarte Måkestad og Andrea Kirkevold